

Notat; politisk involvering i plansaker etter plan- og bygningslova.

Luster kommune har hatt tradisjon på å utarbeide **planleggingsprogram** i tilknytning til budsjett og økonomiplan kvart år. Dette har gitt eit skjematisk oversyn over planar og prioriteringar – likevel med fleksibilitet til å opp også planar, gjennom året, som ikkje har vore innplassert i programmet. I programmet har det ikkje vore fokus på den politiske medverknaden og når denne er aktuell og relevant i dei ulike planane.

Her er det eit forbetningsområde, og me kan etablere ein avsjekk i planleggingsprogrammet, på å avklare nærare omkring politisk medverknad.

Kommuneplanar – KPS og KPA

Rådmannen har ei klar tilråding for korleis det politiske nivået skal involverast i denne type planar. Det er viktig at det politiske nivået på eit tidleg stadium får ta del i drøftingar som gjev administrasjonen retningsliner/føringar for arbeidet.

1. Rådmannen meiner difor at i ei innleiande fase må planarbeidet vere tema i kommunestyret, anten som einskild tema i eit vanleg kommunestyret eller som ein viktig del av dialogmøter.

Dette bør vere både i starten av prosessen og i prosessen fram mot planforslag.

2. Denne type planer krev utarbeiding av planprogram, jf plan- og bygningslova. Rådmannen meiner at *handsaming av planprogrammet bør vere ein del av den innleiande politiske drøftinga*, og meiner planprogrammet bør fremmast til *formannskap for utlegging til høyring* og offentleg ettersyn. *Godkjenning av planprogrammet vert så lagt fram for både formannskapet og kommunestyret.*

3. Etter at planforslag er utarbeidd, så må prosess følgje krav i plan- og bygningslova.

Rådmannen meiner det er rett at formannskapet fungerer som planutval for kommuneplanprosessane.

Kommunedelplanar – tematiske (ev arealplanar)

Rådmannen legg til grunn at dette er planar som skal behandlast etter plan- og bygningslova, men at det ikkje er naudsynt for alle planane å ha like stor grad av politisk involvering.

Det må i desse tilfella gjerast ei vurdering av kva slags føringar som ligg i KPS/KPA planprogram/ kommunal planstrategi.

Rådmannen vil som utgangspunkt seie at den politiske involveringa bør styrast gjennom at det vert etablert eit *oppstartsdokument som skisserer arbeidet*. Dette bør leggest fram for

formannskap og kommunestyre, og seie noko om korleis arbeidet skal leggest opp. *Eit av punkta som skal drøftast er korleis det politiske nivået skal haldast orientert/ vere involvert.*

Dette kan vere alt frå at det skal etablerast ei politisk arbeidsgruppe i eine enden av skalaen til at det ikkje er naudsynt med politisk deltaking før ferdig planforslag vert fremma til politisk handsaming.

Rådmannen vil understreke at dette er type planar som krev utarbeiding av planprogram, jf § 11-13. Notatet rådmannen viser til vil i dei fleste tilfelle vere forslag til planprogram, men her må administrasjonen også gjere ei vurdering av om dette er tilstrekkeleg. Vidare vert det handsaming etter reglane i plan- og bygningslova.

Temaplanar/ fagplanar

Rådmannen vil starte med å vise til at nokon av desse er av praktisk/ og eller av driftsmessig art, og ikkje grunnlag for politisk handsaming i det heile.

Dette er planar som ikkje har noko krav til formell handsaming, og følgjeleg vert dette ein intern prosess. Det er heller ikkje alle som vert lagt fram for kommunestyret for vedtak. Samtidig er det, etter rådmannen si vurdering, slik at fleire av desse planane kunne vore lagt *fram for politisk nivå til orientering* – der det politiske handlingsrommet er, ein, -å «ta til vitande», to, -å sende saka tilbake for å sjå på den på nytt, *men ikkje å ta inn politiske innspel, pkt. slik og slik, inn i det administrative arbeidet i ei slutthandsaming.*

Dei planane som har element av politiske og/ eller økonomiske vurderingar i seg meiner rådmannen at ved eit høveleg og tidleg tidspunkt vert lagt fram eit notat for det politiske organet det er naturleg at tek stilling til planen.

Der økonomi er involvert, så er det formannskapet som er det naturlege organet, i andre høve er det plan- og forvaltning. I dette dokumentet så bør vidare prosess vere ein del av det som vert diskutert.

I fleire høve vil det vere naturleg at slutthandsaming er delegert til nemnte organ, men at organet sjølv tek stilling til om planen har verknad som tilseier at saka bør fremjast til kommunestyret for slutthandsaming. I same notat/ diskusjon av notat er det også høve til å diskutere om planen eller deler av den bør takast opp som ein «innspelsdiskusjon» i kommunestyret som del av den relativt tidlege delen av planprosessen.

Reguleringsplanar kommunal utarbeiding:

1. Planer i tråd med planstrategi/ planprogram/ kommuneplanens arealdel:

Dersom det her ikkje er heilt spesielle utfordringar/ moment som må avklarast politisk, så er det ikkje i slike saker naudsynt å involvere det politiske nivået før plan vert lagt fram for handsaming til offentleg ettersyn i PFU. Det vert då heilt standard sak med offentleg ettersyn (PFU), tilråding til godkjenning (PFU) og godkjenning (K-styret).

2. Planer som ikkje er i tråd med planstrategi/ planprogram, men som administrasjonen ser behov for at vert prioritert, dette vere seg anten i form av ny plan eller revisjon av gjeldande plan.

Ein føreset at planen er kurrant i forhold til arealdelen. Det vil her vere eit spørsmål om prioritering. Administrasjonen må fyrst gjere ei vurdering av om planarbeidet kan utsetjast til revidert planprogram for å få politisk prioritet gjennom planprogrammet. Er det ønskjeleg med ei raskare avklaring, så må saka fremjast som ei *prioriteringssak til PFU, eventuelt formannskapet dersom det er snakk om økonomi knytt til planarbeidet.*

3. Planer som ikkje er i tråd med arealdelen, og vert vurdert til å kunne ha vesentleg verknad på samfunn eller miljø, altså planar som krev konsekvensutgreiing etter forskrift.

Dette er planer det må utarbeidast planprogram for, og ofte er krevjande med tanke på arbeidsmengde. Dette er tilfelle/saker der det politiske nivået bør inn ganske tidleg, men ofte kan det vere lurt å ha gjennomført høyring av planprogrammet før ein tek den politiske vurderinga. Då har ein oversikt over kva ein kan forvente av merknadar/ utfordringar gjennom prosessen. Det er då naturleg at administrasjonen utarbeider forslag til planprogram, og at dette vert lagt fram til PFU for vedtak om utlegging til høyring og offentleg ettersyn. Då har PFU eit godt grunnlag for å gjere ei vurdering av om arbeidet skal gå vidare eller ikkje. Etter høyring/ offentleg ettersyn, så vert det lagt fram ny sak for PFU.

I dag er det slik at planprogram vert vedteke av PFU. Rådmannen viser til at dette er planspørsmål som ikkje er avklart av kommunestyret, og vil rå til at planprogram i framtida skal godkjennast av kommunestyret, i slike saker, då også slike prosessar kan ha økonomiske konsekvensar.

Reguleringsplan private initiativ:

1. Planinitiativ.

Plan- og bygningslova § 12-8 omtalar planinitiativ som ein formell førespurnad knytt til oppstart av planarbeid. Omfanget av planinitiativet kjem noko ann på kor omfattande eller kontroversiell ein forventar at ein plan kan bli.

Eit planinitiativ skal følgjast opp med eit oppstartsmøte, der administrasjonen skal konkludere med om eit planinitiativ skal stoppast eller gå vidare.

Det er muleg å involvere det politiske nivået her ved at planinitiativet vert lagt fram for PFU. Rådmannen meiner likevel at i dei fleste tilfelle vil politisk handsaming/ orientering så tidleg forsinke ein prosess *dersom planinitiativet er i tråd med overordna plan eller skal handtere situasjonar som administrasjonen vurderer som greitt å gå vidare med.*

2. Handsaming i tråd med plan- og bygningslova.

Plan- og bygningslova styrer korleis det politiske nivået skal involverast når det gjeld private planar. Det er på *planinitiativnivå at det politiske nivået kan involverast i ein tidleg fase.*

Rådmannen legg til grunn at dette notatet kan nyttast i det vidare arbeidet med å etablere gode ordningar for rettidig og relevant medverknad for politisk nivå i ulike planprosessar.

Dato: 06.04.21

Knut Vidar Svanheld.
-plansjef.

Jarle Skartun
-rådmann.

